



Høgskulen  
på Vestlandet

## BACHELOROPPGÅVE

*Samarbeid og omsorg for born i sorg*

*Collaboration and care for grieving children*

**Kandidatnummer: 161 og 279**

**BLUBACH: Bacheloroppgåve i barnehagelærarutdanninga**

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Elisabeth Bakke

Innleveringsdato: 30/05-2019

Mengde ord: 13311 av 15295

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## **Innholdsfortegnelse**

<b>Abstract.....</b>	<b>4</b>
<b>Forord: .....</b>	<b>5</b>
<b>1.0 Innleiing .....</b>	<b>7</b>
<b>1.1 Oppgåva si oppbygging.....</b>	<b>7</b>
<b>1.2 Bakgrunn, val av tema og problemstilling .....</b>	<b>7</b>
<b>1.3 Avgrensing av tema .....</b>	<b>8</b>
<b>2. 0 Teoretisk rammeverk .....</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Barnehagen som organisasjon.....</b>	<b>10</b>
2.1.1 Organisasjonsteori.....	10
2.1.2 Perspektiv på organisasjoner.....	10
2.1.3 Barnehagen som lærande organisasjon .....	11
2.1.4 Barnehageorganisasjonen som ein del av eit oppvekstmiljø.....	14
<b>2.2 Utviklingspsykologiske perspektiv.....</b>	<b>15</b>
2.2.1 Bronfenbrenners bioøkologiske modell .....	15
2.2.2 Det gode grunnlaget .....	20
<b>2.3 Sorg, død og beredskap.....</b>	<b>20</b>
2.3.1 Sorg som fenomen.....	20
2.3.2 Borns forståing av døden .....	21
2.3.3 Umiddelbare sorgreaksjonar hos born .....	22
2.3.4 Vanlege sorgreaksjonar hos born .....	22
2.3.5 Å støtte born etter tap .....	23
2.3.6 Støtte til barnet over tid.....	24
2.3.7 Forarbeid og god beredskap .....	24
<b>3. 0 Metode.....</b>	<b>26</b>
3.1.0 Val av metode .....	26
3.1.1 Rekruttering av informantar.....	26
3.1.2 Validitet og relabilitet .....	27
3.1.3 Etiske omsyn .....	28
3.1.4 Framgangsmåte intervju.....	28
3.1.5 Gjennomføring intervju.....	29
3.1.6 Transkribering og analyse av data.....	29
<b>4. 0 Funn og resultat .....</b>	<b>30</b>
<b>4.1 Funn informant 1.....</b>	<b>31</b>

4.1.1 Opplevingar og erfaringar med born i sorg.....	31
4.1.2 Opplevingar og erfaringar av inkludering av andre tilsette .....	32
4.1.3 Opplevingar og erfaringar frå samarbeid med andre instansar .....	33
4.1.4 Vegen vidare .....	33
<b>4.2 Funn informant 2.....</b>	<b>34</b>
4.2.1 Opplevingar og erfaringar med born i sorg.....	34
4.2.2 Opplevingar og erfaringar av inkludering av andre tilsette .....	34
4.2.3 Opplevingar og erfaringar frå samarbeid med andre instansar .....	35
4.2.4 Vegen vidare .....	36
<b>5.0 Drøfting av funn.....</b>	<b>36</b>
5.1 Informantane sine erfaringar om born i sorg.....	36
5.2 Informantane si erfaring av inkludering av andre tilsette .....	38
5.3 Informantane sine erfaringar om samarbeid med andre instansar .....	38
5.4 Informantane sine erfaringar med vegen vidare.....	39
<b>6.0 Avslutting.....</b>	<b>40</b>
<b>7. 0 Kjeldelista:.....</b>	<b>41</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>42</b>
<b>Vedlegg 1: Intervjuguide .....</b>	<b>42</b>
<b>Vedlegg 2: Samtykkeerklæring .....</b>	<b>43</b>

## Abstract

This bachelor thesis deals with the following issue: How can a kindergarten management best facilitate/support children experiencing grief? To understand this issue, we chose to focus on how a kindergarten can facilitate the support of children who experience grief, with a focus on the death of a parent/guardian.

The thesis refers to the concept of management. The management of a kindergarten should be understood as the set of kindergarten teachers, educational leader and board/general management of a kindergarten, with a primary focus on the educational leader.

Our research is at an organizational level. Not only will focus be on the children at an individual level, but also about the management's methods, actions and procedures that can shed light on our theme: Collaboration and care for grieving children.

Through qualitative interviews, we collected information from two different kindergartens.

In conclusion our thesis argues how kindergartens can collaborate to support children experiencing grief.

**Forord:**

Å arbeide med denne bacheloroppgåva har vert både utfordrande, lærerikt og svært spanande. Temaet «sorg» har ikkje vore noko særleg i fokus i undervisninga gjennom desse tre åra me har hatt på barnehagelærarutdanninga. Det vert då ekstra interessant og gjevande for oss å utvikla kompetansen vår rundt dette. Me vil takka vår rettleiar Elisabeth Bakke for støtta og hjelpen me har fått av ho, og for at ho alltid hadde trua på oss, også då me ikkje hadde trua sjølv. Vidare vil me takka informantane våre som stilte opp og var villige til å dele deira opplevingar og erfaringar med oss. Til slutt vil me takka kvarandre for eit godt samarbeid gjennom ei tid med intens jobbing, tårer og glede. Denne Bacheloroppgåva har blitt eit produkt me er stolt av.

*«Me visste ikkje heilt korleis me skulle takle dette, kva me skulle sei, kor me skal vera, også fekk me jo ikkje veta med ein gong kva som var bakgrunnen for dødsfallet, me fekk berre veta at mor var død» - Informant 1*

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Oppgåva si oppbygging

Vår oppgåva er inndelt i seks hovuddelar: 1) Innleiing, 2) Teoretisk rammeverk, 3) Metode, 4) Funn og resultat, 5) Drøfting av funn & 6) Avslutting.

Det teoretiske rammeverket baserer seg på grunnleggjande organisasjonsteori, barnehagen som organisasjon, utviklingspsykologisk teori, sorg som eit fenomen, sorg hos born og teori knyta til beredskap. Me har brukt desse teoriane for å kunna gjera ei drøfting rundt problemstillinga og forskingsspørsmåla. Me vil ta ei nøyde gjennomgang av Bronfenbrenners utviklingsökologiske modell og knyta den opp mot barnehagen som organisasjon, me vil også gå inn på foreldresamarbeid og viktigheita av det i barnehagekontekst.

I kapitlet for metode vil me grunngjeva kvifor me har vald den aktuelle metoden til våre undersøkingar. Me vil også ta føre oss validitet, relabilitet, rekruttering av informantar, etiske omsyn og gjennomføring av intervju. I dei siste delane av oppgåva tek me føre oss dei funna me har tildelt oss, som me vil analysera og drøfte dei i høve til det teoretiske rammeverket i oppgåva. Me avsluttar oppgåva med å sumadera eigne konklusjonar vedrørande vår problemstilling og forskningspørsmål.

### 1.2 Bakgrunn, val av tema og problemstilling

«Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får en god barndom preget av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt»(Kunnskapsdepartementet, 2017).

Rammeplanen er barnehagens læreplan, og den er med på å synleggjere det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Rammeplanen vil vera barnehagens formelle læreplan, då den er vedtatt av ansvarlege instansar, i dette tilfellet Kunnskapsdepartementet (Gunnestad, 2014, s. 173). Sitatet frå rammeplanen viser til at personalet i barnehagen skal leggje til rette for ein barndom prega av leik, venskap og oppleve den gode barndomen. Rammeplanen har også fokus på at personalet i barnehagen skal ha eit bevvist forhold til at born kan vere utsett for seksuelle overgrep, omsorgsvikt, vald og mobbing, og vite korleis dette kan førebyggjast og oppdagast. Me ser at omgrepene sorg ikkje er representert i rammeplanen, slik som dei andre livsituasjonane som kan vera prega i ein barndom.

«I Barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpen og støtten de har behov for» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Implisitt kan det tolkast som at

sorg skal inngå i dette sitatet her, men sjølve omgrepene er fråverane. Dette har me funne ut då me har gått gjennom rammeplanen ord for ord.

Me har vald å skrive om korleis barnehagetilsette kan samarbeide og støtte born som opplever sorg. Dette emnet er vald fordi me begge har vore i situasjonar der dette har vore aktuelt medan me har arbeida som assistenter i barnehage før studietid.

Vår problemstilling blir difor slik: *Korleis kan leiinga i barnehagen leggje til rette for å støtte born som opplever sorg?*

Dette forskingsspørsmålet vil bli stilt i ein privat barnehage, og ein kommunal. Børhaug & Lotsberg (2016, s. 128) hevdar med sine forskingar at det ikkje er særleg skilnad på kommunal og privat barnehage. Me vil likevel undersøkje om samarbeidet og støtta for barnet er annleis i privat og kommunal sektor.

### 1.3 Avgrensing av tema

Våre undersøkingar vil vera på eit organisasjonsnivå. Det vil seie at oppgåva ikkje handlar eksplisitt om borna i barnehagen på individnivå, men om leiinga sine metodar, handlingar og prosedyrar som kan belysa vår tematikk: Samarbeid og omsorg for born i sorg.

I problemstillinga er omgrepet leiinga brukt. I denne oppgåva skal leiing i barnehagen forståas som settet med barnehagelærarar, pedagogiske leiarar og styrar/dagleg leiar i barnehagen, men mest fokus på den pedagogiske leiaren.

Intensjonen var å undersøkje korleis leiinga leggje til rette for å støtte born i sorg med fokus på dødsfall i familien. Med familie meina me settet av foreldre, søskjen og besteforeldre. Men for å best mogleg kunna belysa vår problemstilling valde me å ha fokus på korleis leiinga i barnehagen kan leggje til rette for å støtte born som opplever sorg, med fokus på dødsfall av ein forelder/føresatt.

### 1.4 Omgrepsavklaring

Me har vald å kort definera nokre sentrale omgrep i oppgåva, slik at det kjem fram korleis dei skal forståas innanfor vårt tema/fokusområde. Vidare utgreiing vil kome fram i teorikapitlet.

#### 1.4.1 Sorg:

Ein vid definisjon av sorg er at det er: reaksjonar på tydnadsfulle tapsopplevelingar. Ein måte å bestemma kva som er tydnadsfulle på, er jamfört i Bugge & Eriksen (2003, s. 17) å seie at det er tap som i vesentleg grad innverkar på personens grunnleggjande livssituasjon og oppleveling av kva livet dreiar seg om.

*1.4.2 Kriser:*

Alle menneske opplever tap, sorg og kriser i løpet av livet. Nokre når dei er eldre, nokre når dei er små. Krise, jamført i Simmones (1995, s. 121) forklarast som ei oppleving av at den indre jamvekta vert truga. I slike situasjonar er personen, i tilfellet vår oppgåve: barnet overmanna av kjensla. Jamført i Simmones (1995,) er barnet forvirra og treng andre menneske til å hjelpe seg med å arbeide seg gjennom krisa.

*1.4.3 Resiliens:*

Handlar om menneskets måte til å «vinne att si form»: Altså at ein klarar seg gjennom mykje motgang, mange vaskar, krisar og traumar og som utviklar seg positivt på tross av negative tilhøve. Ord som elastisitet, overlevingsevne, motstandskraft og meistringsevne har også blitt brukt som synonym til resiliens (Gunnestad, 2014, s. 324).

## 2. 0 Teoretisk rammeverk

### 2.1 Barnehagen som organisasjon

#### 2.1.1 Organisasjonsteori

Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen (2011, s. 20) hevdar at ei grunntanke i organisasjonsteorien er at organiseringa påverkar korleis menneska i organisasjonen tenkjer, vurdera, handlar og samarbeida: Mykje av det som vert gjort i ein organisasjon er ikkje berre eit resultat av den enkelte sin kompetanse og vurdering, men også eit resultat av det settet med reglar og rutinar, maktrelasjonar og ytre press som organisasjonen vert prega av.

Organisasjonar er knyta til andre organisasjonar, og det er ikkje alltid lett å avgjera kvar ein organisasjon startar og sluttar. Ein kan sjå på alle barnehagar under same eigar som ein organisasjon, eller den enkelte barnehage som organisasjon. I kommunale barnehagar kan ein sjå på kommunen som organisasjonen og på barnehagane som einingar i den samla kommunale organisasjon.

#### 2.1.2 Perspektiv på organisasjonar

Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen (2011) skiljar mellom eit instrumentelt og eit institusjonelt perspektiv på organisasjonar. Det instrumentelle har to variantar: Den hierarkiske varianten og forhandlingsvarianten.

Den hierarkiske varianten tek utgangspunkt i at organisasjonar er instrument for organisasjonens leiing og eigarar. Det er eigarar og leiinga som bestemme kva mål organisasjonen skal verkeleggjera, og måla har ei offisiell formell karakter. Alle deltagarane i organisasjonen må bidra på ei samordna og målretta måte. For å sikre at slikt skjer, vert det utvikla reglar. Reglane er personuavhengige: Dei endrast ikkje sjølv om dei tilsette i organisasjonen bytas ut. Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen (2011) brukar foreldresamarbeid som eit eksempel: reglar rundt foreldresamarbeid i ein barnehage endrar seg ikkje sjølv om personalet skiftar. Altså er reglane personaluavhengige, det vil seie at dei då er formelle.

I dette perspektivet vert organisasjonar sett på som hierarkisk. Det vil seie at det er ei leiing som utformar dei ulike reglane som lågare nivå i organisasjonen må etterleva.

I forhandlingsvarianten, eller forhandlingsperspektivet, er ein opptekne av at organisasjonen påverkas av fleire aktørar enn leiinga, og kan vera samansett av ulike aktørgruppa som har ressursar til å påverka det som skjer.

Innflytelsen kan knytas til dei ressursane ulike gruppa rår over, til dømes kan utdanning eller erfaringeskunnskap vera ei slik ressurs. Barnehagar er ein del av offentleg verksemد, men kan

ha ulikt eigarskap og inngå i komplekse strukturar med kommunale myndigheitar, eigarinteressar, foreldre, fagforeiningar og statleg styring (Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen, 2011, s. 24).

Det institusjonelle perspektivet skil seg frå det instrumentelle på mange måtar: I dette perspektivet vert det understrekt at organisasjonar er meir enn berre verkemidlar for å nå mål. Dei vert viktige i seg sjølv, særskilt dei som knyte seg til organisasjonen. Det institusjonelle perspektivet rettar oppmerksemda mot at ein i ein organisasjon eller i eit større felt der mange organisasjonar opererer, forholda seg til og vidareføre verdilada oppgåveforståinga og målsettingar, arbeidsmåtar og strategiar (Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen, 2011, s. 26). Organisasjonens mål, rutinar og arbeidsmåtar utformast ikkje berre av leiinga, men utviklast også nedanfrå.

Organisasjonskultur er ein variant av det institusjonelle perspektivet. Ein grunnleggjande ide i varianten det institusjonelle perspektivet som vektlegg organisasjonskulturen, er at mange organisasjonar pregast av sterke overtydingar og pliktar for nokre verdi og prinsipp.

Børghaug, Helgøy, (...) meina organisasjonen sjåast som rettkomen fordi den i varetak desse verdia. Ein barnehage kan betraktas slik: Dei som arbeidar i barnehagen vil kunna sjå på den som viktig fordi den bidreg med noko verdifullt til borna, og det er meiningsfylt for dei tilsette å vera med på å verkeleggjera dette oppdraget.

Ofte vert organisasjonskultur framstilt som «dette er måten me gjør ting hos oss»: Kulturen kan vera forskjellige i ulike barnehagar og dei ulike teama i barnehagen.

Aasen (2012, s. 16) definira omgrepet team som: «et mindre antall mennesker med komplementære ferdigheter, forpliktet til en felles hensikt, felles resultatmål og felles tilnærningsmåte som man holder hverandre gjensidig ansvarlig for».

### 2.1.3 Barnehagen som lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk virksomhet, er å gi barna et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen være en lærende organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal være begrunnet i barnehageloven og rammeplanen» (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Rammeplanen legg til rette for at barnehagen skal vera ein lærande organisasjon, utan å grunngjeva nærmare kva som ligg i omgrepet. Me vil i dette avsnittet gå inn på teoriar om kva

ein lærande organisasjon er, og korleis barnehagen kan fungera som nettopp ein lærande organisasjon.

Omgrepet lærande organisasjon kan sporast tilbake til Schøns forestilling om «The learning society» i 1973, der han såg på relasjonen mellom ønska om endring og behovet for læring i organisasjonar (Aasen, 2012, s. 145).

Agyris & Schøn gav i 1978 det fyrste store bidraget om lærande organisasjonar. Dei er opptekne av individet som lærande i teamet eller i organisasjonar, og tek utgangspunkt i at organisasjonslæring er ein kumulativ prosess som reflektera både organisasjonen si tileigning av kunnskap og læringa som ein individuell prosess.

#### *2.1.3.1 Uttrykt teori og bruksteori*

*Uttrykt teori og bruksteori* er omgrep utvikla av Agyris & Schøn: Dei hevdar, jamført i Aasen (2012) at gjennom kollektive dialogar og diskusjonar i teamet er ein lærande når ein avdekk samsvar mellom det ein seier ein gjer, og det ein faktisk gjer i teamarbeidet. I barnehagen tydar dette til dømes at det er samsvar mellom det som står i årsplanen, og det ein faktisk gjer i samspelet med borna i kvardagen. Bruksteori kan knytast til konkrete handlingar i ulike arbeidsprosessar, altså det ein faktisk gjer. Dei uttrykte teoriane kan vera det som teamet eller organisasjonen ynskjer å vera, det som dei påberope seg til å gjere.

#### *2.1.3.2 Enkel – og dobbelkretslæring*

Skillet mellom uttrykt teori og bruksteori vert beskriven av Agyris og Schøn som to fenomen for læring i organisasjonar og team: *enkeltkretslæring* og *dobbeltkretslæring* (Aasen, 2012, s. 149). Enkeltkretslæring er den enkleste forma for organisasjonslæring: Her justere ein rutinar og arbeidsmåtar til ein oppnår ønska resultat. Ein gjer det ein allereie kan, men på ein betre måte. Gotvassli jamført i Aasen (2012) har kritisert denne måten å lære på. Han meina at organisasjonar gradvis vert «dummare» viss dei berre bruker enkeltkretslæring, fordi det er rein feilretting. I enkeltkretslæring oppretthalde teamet og justerer det dei allereie kan, endrar litt på rutinar når eit problem oppstår, men berre innanfor rammar av dei levde verdiane og kompetansane som fins i teamet. Altså teamet kan nesten fortsette omtrent som det alltid har gjort.

I motsetnad til enkeltkretslæring handlar dobbeltkretslæring om å utfordra allereie etablert praksis. Grunnleggande verdiar og meningar tas opp til vurdering og endras. Denne læringa gjer det mogleg å forandre på det som ein alltid har gjort, den hjelper organisasjonen eller teamet til å handle annleis, og ikkje berre gjenta same handlingsmønster.

Jamfør Agyris og Schøn (Aasen, 2012) er dobbelkretslæring det ideelle læringsmålet for ein organisasjon. Organisatoriske og individuelle forhold gjennomgår betydelege endringar.

Aasen meina at det er den pedagogiske leiaren som er i posisjon til å leie barnehagen i retning av dobbelkretslæring: Gjennom ved å analysera dei komplekse og dynamiske samanhengane i barnehagearbeidet kan den pedagogiske leiaren arbeide med å utvikla barnehagen til å bli ein lærande organisasjon.

#### *2.1.3.3 Leiarryolla og teamarbeid*

Peter Senge, jamført i Aasen (2012) påpeikar også at røyrsla mot å vera ein lærande organisasjon byrjar hjå leiaren. Leiaren er den som skal vise veg slik at kvar enkelt medarbeidar opplever personleg mestring i arbeidet, forstår og akseptera den gjensidige avhengigheita som ligg i teamarbeidet, og støttar dei andre medarbeidarane i å sjå eigne bidrag i samanheng med heilheita.

Senge seiar at leiaren i ein lærande organisasjon må kunna beherska dei fem disiplinar for å lukkast, der kvar disiplin dreiar seg om korleis enkeltmenneska tenkjer, samhandlar, ynskjer og lærar av kvarandre.

#### *2.1.3.4 Personleg mestring og kompetanse – ein føresetnad for kvalitet i barnehagen*

Det dreiar seg mykje om å tenkje over kva ein vil med arbeidet som blir gjort. Visjonar handlar om kva som skapar mening, og kva ein eigentleg vil. Å ha kjensle av at arbeidet er meiningsfylt, og at ein har den kompetansen som skal til for å meistre det, er avgjerande for læringsprosessa i den lærande organisasjonen. Senge meina at det er viktig å utvikle den enkelte medarbeidars kompetanse, og når teamleiaren (i vårt tilfelle den pedagogiske leiaren) veit at medarbeidaren har kompetansen og meister den pedagogiske oppgåva med barna: kan han/ho delegera arbeids – og ansvarsoppgåver (Aasen, 2012, s. 152).

Personleg mestring er ein føresetnad for kvalitet i barnehagen, og er den første av dei fem disiplinar (Aasen, 2012).

#### *2.1.4.5 Mentale modellar*

Mentale modellar er den andre av dei fem disiplinar: Ein mental modell er ei avspegling av korleis individet oppfattar verda utanfor seg sjølve. Denne disiplinen byrjar med at organisasjonen eller teamet må læra seg å oppdaga dei indre biletene av verda, bringe dei fram i ljuset og gjera dei til gjenstand for gransking. I ein lærande organisasjon er det jamført Aasen (2012) viktig å kunne setje ord på slike modellar og teste ut kor hensiktsmessige og gode dei er.

#### *2.1.4.6 Delte visjonar*

Den tredje disiplinen som Peter Senge hevdar ein leiar må ha er delte visjonar. Ein visjon er vanlegvis eit bilet av ein framtidig og ynskja tilstand. Visjonar blir ofte følgd av organisasjonens målsettingar, som er meir konkret utforma og meir å styra etter (Aasen, 2012, s. 153). I barnehagen er det teama som skal gjera visjonar om til felles mål og implementera desse i barnehagearbeidet. Aasen hevdar at det må finnas ein felles visjon som også er knyta til medlemmene av teamet sine personlege visjonar om den gode barnehage.

#### *2.1.4.7 Teamlæring*

Å arbeide i team betyr å lære i lag, og den fjerde disiplinen til Peter Senge handlar om teamlæring. Senge, jamført i Aasen (2012, s. 154) hevdar at teamets intelligens kan overstige summen av intellingensen til enkeltmedlemma. Når teamet røynleg verkeleg lærar, kan den enkelte oppleve ei langt raskare personleg vekst enn elles. Teamet utgjer den grunnleggjande læringskonteksta, og sosialisering blir ein viktig del av læringsprosessen.

#### *2.1.4.8 Systemtenking*

Systemtenking, den femte disiplinen til Senge er den som forfattaren sjølv ser på som den mest viktige. Organisasjonar og team som vil læra, må sjå på verksemda som ein heilheit. Systemtenkinga inneber nettopp å oppfatta heilheita og sjå heilheita framfor detaljar og augeblikkbilete. Aasen (2012) hevda at ei hindring for læring er når forenkla mentale modellar sett grensar for forståingar av kvifor ting skjer. I ein systemmodell kan eit problem ha fleire orsakar, og ikkje enkeltgrunnar, og det er viktig at ein leiar brukar dette i sitt arbeid.

### 2.1.4 Barnehageorganisasjonen som ein del av eit oppvekstmiljø

#### *2.1.4.0 Foreldresamarbeid*

Glaser (2013, s. 19) hevdar at å samarbeida tett med foreldra er svært viktig. For born vil heimen og barnehagen saman utgjera heilheita av deira liv, og ved hjelp av eit godt samarbeid kan overgangane og heilheita betre ivaretakast.

Born, barndom og oppdragning har langt seg frå å vera eit anliggende for nokre få til å vera av allmenn interesse for mange (Glaser, 2013). Barndommen er gradvis blitt institusjonalisert, og barnehagen har fått ei stadig sterkare tydnad som dannings – og læringsarena. Etter at barnehagen fekk si første lov i 1975, til dagens lovgjevnad, har det skjedd ei stor utvikling. Blant anna har barnehagens samfunnsmandat og pliktar blitt tydelegare: dette er synleg i den nye rammeplanen frå 2017, som blant anna beskriv kva som er oppgåva til styrar, barnehageeigar og pedagogisk leiar.

Barnehagens samfunnsmandat er i nedfelt i rammeplanen frå 2017 som at:


«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Jf. Barnehagelova § 1» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Dermed er ikkje tett foreldresamarbeid berre viktig, men også lovpålagt og eit krav for barnehageorganisasjonen. Lova nemnar både samarbeid og forståing fordi desse to uttrykka dekk ulike sider av kontakta mellom barnehagen og heimen. I rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) vert forståing definert som: «gjensidig respekt og anerkjennelse for hverandres ansvar og oppgaver i forhold til barnet». Samarbeid, jamført i Glaser (2013, s. 59) blir definert som samarbeid med barnas heim gjeld særskilt informasjonsutveksling og drøfting av spørsmål og problem som kan oppstå. Vidare hevdar Glaser at eit nært samarbeid som er basert på gjensidig tillit og kontakt mellom partane, er viktig ettersom det lettar barnets omstilling og gjev større kontinuitet i danning og omsorg.

Som nemnd meina Glaser at å samarbeida tett med foreldra er viktig, fordi at for mange born utgjer både barnehagen og heimen heilheita av deira liv. I starten av neste kapittel vil me setje fokus på andre oppvekstmiljø, og kva som både direkte og indirekte kan råka ved borns liv.

## 2.2 Utviklingspsykologiske perspektiv

### 2.2.1 Bronfenbrenners bioøkologiske modell

Urie Bronfenbrenner er ein av dei mest refererte og synlege utviklingspsykologane i dagens samfunn. Han valde tidleg ei heilheitleg og ein tverrfagleg forståing av menneskeleg utvikling, eit standpunkt han forankra i skjeringspunktet mellom biologien og samfunnsvitskapen (Bø, 2012, s. 169). I hans hovudverk *The ecology of human development* ser han på utvikling og sosialisering i eit systemisk perspektiv: han samanfattar her mylderet av innverkande faktorar i eit oppvekstmiljø til ein heilheitsmodell. For han er miljø av tydnad for utvikling og sosialisering først og fremst dei konkrete og daglege samspel, Bø (2012) brukar her eksempelet barn i leik med kvarandre. Påverknad og sosialisering er stundom ikkje grensa berre til konkrete samspel. Bronfenbrenner, jamført i Bø (2012) hevdar at det inngår også dynamiske vekselverknader mellom dei direkte settingane og den fjernare innverknader frå lokalmiljø og storsamfunn. Bronfenbrenner oppfattar slik eit oppvekstmiljø som ein serie samanhengande strukturar kor den eine utgjer kjerna i den andre. Dei nivåa eller systema detta gjev, kollar Bronfenbrenner for mikro, meso, ekso og makro.



Figuren viser til eksempelet på Bronfenbrenners bioøkologiske modell som jamført i Bø (2012, s. 171). Biletelegger Bronfenbrenner for seg det økologiske miljøet som og eit sett med russiske *babusjkadokker*, der den eine kan puttast inn i den andre.

### Mikro

Mikro, eller mikrosystem, er den innarste sirkelen i figuren ovanfor og er ein sosial setting kor to eller fleire aktørar møtes i samspel ansikt til ansikt. Til dømes ein familie, ei samlingsstund i barnehagen eller ei gruppe rundt eit bord. Bronfenbrenner (Bø, 2012) hevdar at det er fyrst og fremst på mikronivå me kontrollera kvarandre si åtferd og der me delar opplevingar, tankar og læring med kvarandre. Det er også i samspel på mikro påverknad, rolletaking, modellærings, sosialisering, oppdragning, integrering og assimilering finn stad: ein kan tolka det som «*alt og alle virka på alt og alle*».

### Meso

Omfatta forholdet mellom to eller fleire mikrosystem kor eit individ, i vårt tilfelle barn, samhandlar. Forholdet heim-barnehage, heim-kameratar og «trekanten» fotballag-heim-barnehage typiske meso-system (Bø, 2012). Meso tydar altså *forbindelsar* mellom ulike mikroar, og kan ytra seg på fleire måtar:

- Ved overlapping: eksempelvis når foreldre leverar og er tilstade i barnehagen.
- Ved nærleik: altså både fysisk, sosial og kulturell nærleik. Kan skje når foreldra er delaktige i det lokala idrettslaget, medan barna er med i undergruppa. Det knytas då både band foreldra mellom og mellom foreldra og lagets leiarar. Eit lokalmiljø med høg tettheit, mange møteplassar og rik samhandling utgjer jamført i Bø (2012) ein typisk mesostruktur.
- Ved ikkje-fysisk kontakt: meso kan også utviklast gjennom vedvarande kontakt per telefon, e-post og indirekte kommunikasjon via ein tredjeperson eller via skriftleg kontakt. Eit eksempel på dette kan vera telefonar/e-post mellom foreldre og pedagogisk leiar i barnehagen.

- Ved pendling: siktast til situasjonar kor ein aktør pendlar mellom ulike arenaer. I vårt tilfelle kan dette vera at eit barnehageborn bind saman barnehage og heimen (Bø, 2012, s. 175).

### *Eksosystemet*

Eksosystemet referera til mikromiljø kor barnet sjeldan eller aldri sjølv er til stades, men kor det likevel førekjem samspel og påverknad for *personar* som i sin tur er viktige for barnet (Bø. 2012). Uttrykket eksosystemet brukas også om stader kor born vanlegvis ikkje er tilstade, men kor det vert avgjerd ting av tydnad for dei mikroa og andre arenaer barna operera på.

Eksemplar på dette kan vera då kunnskapsdepartementet innførde ein revidert Rammeplan i 2017 og sette nye mål og krav for både personalet og borna, eller når dei tilsette i barnehagen er på kurs med kommunens kriseteam og vert lærde i korleis støtte born i ulike livssituasjonar.

Bø brukar eit eksempel på at mor arbeidar på ein stad kor borna hennas endå ikkje har vore. Ho har ein spanande jobb med mange utfordringar. Mor meistra desse, og får skryt av kollegaer og sjefar. Mor trivast, oppleva sjølvverd, blir informert: ho veks som menneske. Når ho kjem heim, reflekterast dette innetter i familien og både born og ektefelle tek del i mors overskot og kvaliteten i væremåten i familien kan seiast å auka.

Eit anna eksempel Bø brukar (2012, s. 176) er at dersom ein lærar kvar morgen kranglar med kona, skapar han eller ho nok ikkje lika god pedagogikk i klasserommet som om han hadde avslutta frukosten med å gje ho eller han eit kyss.

Indirekte verknader er stikkord her i eksosystemet, og me ser her korleis ting «utanfor» kan verka positivt/negativt på born.

### *Makro*

Makro er den ytste sirkelen, og med makro meinas det omliggande mønster av verdiar, tradisjonar, rituala, økonomiske forhold, nasjonale væremåtar, ideologiar og kultur (Bø, 2012). Påverknad frå makrosystemet formidlast via eksosystemet, meso, mikro og inn i individet. Fibrane frå makro sett sitt preg på alt i vår kultur og væremåte. Til dømes korleis menneskerettigheitane, saman med eit kristent-humanistisk og demokratisk tankegods, gjennomstrøyma ideala og lovverk i vårt samfunn.

Igjen kan me i vårt tilfelle dra inn rammeplanen for barnehage, der det framgår av barnehagelova § 1 at:

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet,

nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn som er forankret i menneskerettighetene. Alle barnehager skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsatt i barnehageloven og internasjonale konvensjoner som Norge har sluttet seg til, skik som FNs konvensjon av 20. November 1989 om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater (ILO-konvensjonen)» (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Dette viser at mønstra frå vårt makrosystem, altså sett med verdiar, kultur og nasjonale væremåtar er blant anna omgjort til lovar i ekso-systemet som vidare skal/er implementert på fleire måtar i både meso – og makrosistema, eksempelvis både i barnehage, skule, heimen og andre offentlege instansar som påverkar kvarandre.

#### *Dei viktigaste sosialiseringsfaktorarne i eit mikromiljø*

Under avsnittet om mikromiljø har me vore inne på at jamfør Bronfenbrenner er samspelet i mikrosettingane særlig viktig for både læring, danning, norm og identitetsdanning. Han kallar dei prosessar som verkar sterkest der for "the building blocks of micro". Han, jamført i Bø (2012) tenkjer då på desse tre «byggjeklossane» i kvar setting:

#### 1. Aktivitetar:

- Aktivitetar som born utførar åleina: handtering av gjenstandar, åleineleik, lesing
- Aktivitetar som utførast av andre, med barnet som tilskodar: barnet ser at far stellar vetebror, at det gravast i gata og korleis ein konflikt vert løyst.
- Aktivitetar som utførast i fellesskap: born dekkjer bordet med foreldre eller personalet i barnehagen, fisketur med fleire personar tilstade og gruppearbeid.

#### 2. Relasjonar:

Bronfenbrenner hevdar at den minste einheit ein relasjon kan bestå av er to personar, som også blir kalla ein dyade. Han hevdar vidare at dyaden er sentral som utviklingspotensial, særlig når eit born samspelar med ein aktør som veit og kan meir enn barnet. I sin teori reknar han med tre ulike dyadar (Bø, 2012):

- Observasjonsdyaden: Når den eine part i ein dyade følger med på kva den andre part føretok seg, og når denne samstundes reagera positivt på den første sin observasjon.
- Samhandlingsdyaden: Når to aktørar gjer noko saman. Det vert utvikla kjensla mellom dei to partane i begge desse dyadetypene. Desse kan vere positive, negative, ambivalente eller nøytrale.

- Primærdyade: dyadar kor dei to partane eksistera i kvarandres tankjar, og kor begge er gjenstand for kvarandre sine kjensla og omsorg.

Å oppleve sterke primærdyadar tydar også at me vert påverka, og til og med fjernstyrast av personar som ikkje er tilstade. Det kan gjelda både slektningar, vener og sterke personligdomar me beundrar.

Gjensidigkeit, maktbalanse og kjensla er også stikkord Bronfenbrenner har fokus på i samband med relasjonar:

«Dersom et medlem av en dyade utvikler seg, gjør den andre også det» hevdar Bronfenbrenner jamført i Bø (2012). I dyadiske forhold vil det A gjer verke inn på det B gjer og omvendt, altså det er gjensidig. Når born koordinera sine aktivitetar i forhold til andre, stimulerast deira ferdigheit i samspel og kognisjon.

Sjølv om ein dyadisk prosess er eit samspel, er vaksne likevel i maktposisjonar ovanfor born. Eit mål for sosialiseringa er mellombels å streva etter maktbalanse: dette tydar å tilføra barnet kunnskap, auka ferdigheitar, la barnet øva seg på å ta initiativ og ansvar og gje barnet trening i sjølvkontroll – kort sagt livsmestring.

Deltaking i dyadiske relasjonar utviklar kjensla mellom dei to (Bø, 2012). Kjenslane kan vera gjensidig positive, negative, ambivalente eller asymmetriske som når A likar B, mens B mislikar A. Bronfenbrennar hevdar at jo meir gjensidig positive desse er, desto betre er grunnlaget for utvikling og læring.

### 3. Rollar

Ei rolle er eit system av norma og «oppskrifta» for åferd som er forventa av personar i bestemte posisjonar i ein nærmare gitt samanheng (Bø, 2012, s. 179). Nokre rollar er klart beskriven, slik som yrkesrollar: ein barnehagelærar, sjukepleiar, advokat, medan andre er meir diffuse. Rolleforventningar må tolkast: Måten den enkelte utføra sine rollar på, er difor prega av aktørens rolleoppfatning, men også av hennar/hans eigenskapar.

Bronfenbrenner skilje mellom to typar rollar på mikronivået:

*Rollar barnet er i og etter kvart sjølv går inn i:* rolla som dotter, ven, leikekamerat, barnehageborn, syklist o.l. Når born leikar, går dei inn i liksom-rollar som baby, brannmann, foreldre og pirat – dei lærar rolleoppskriftar, som vil seie å innfri forventningar. Dei får i kvar rolla med seg kunnskap, haldningar og ferdigheita, og alt dette er læring som lagrar seg i barnets erfaringsreservoar. Barnet tek med seg det lærde inn i nye rollar der det dannast basis for utvikling og ny læring (Bø, 2012, s. 180). Ein kan forstå borns personlegdom som «summen av alle rollar det er vore i og stadig er i».

*Rollar barnet møter:* Bronfenbrenner hevdar at: «menneskelig utvikling fremmes i samspill med mennesker som innehar et variert utvalg av roller og ved deltagelse i et stadig ekspanderende rollerepetoar.» (Bø, 2012) At born får møte «heile» mennesket i varme relasjoner og fleirfibra rollar – og ikkje berre som einfibra rollefragment – og i sitt daglegliv sjølv få utføra ulike rollar, er oppdraginga sin alfa og omega hos Bronfenbrenner.

Dei signifikante andre er eit omgrep som ein knyta Georg H. Mead. Dei signifikante i eit borns liv kan vera foreldre, sysken, vener, besteforeldre og barnehagepersonalet. Bronfenbrenner kallar desse for *fyrstelinjenettverket*. Dette er personar barnet har fleirfibra kontaktar til, og som det samspelear med på fleire arenaer. Desse personane er særskilt viktige fordi det er desse som:

- Gjer borna tryggleik
- Gjer barna den grunnleggjande personlege, sosiale og kulturelle identitet
- Sett grense, utøver sosialkontroll og skapar struktur
- Skapar grunnlag for internalisering av verdiar, kodar og kunnskap
- Gjer barnet den første stimulering av omgrep, språk og kontroll.

*Mentorar* er ein persontype Bronfenbrenner ser på som særskilt verdifull for borns og unges utvikling. Uttrykket referera til ein mann eller kvinne – utanom mor og far – som fungera som ven, rådgjevar, støttekontakt og rollemodell.

## 2.2.2 Det gode grunnlaget

For at born skal kunna knyta seg til personar utanom mor og far, eller dei primære omsorgspersonane, er det ein føresetnad at barnet kjem frå eit godt kjenslemessig klima: altså har det gode grunnlaget. John Bolwby og Donald Winnicott har brukt ulike namn på dette grunnlaget. Bolwby kallar grunnlaget ein «trygg base», medan Winnicott kallar det eit «haldande miljø»(Askeland & Satøen, 2013, s. 59). Tilknyting har ei livslang utviklingslinja: I sped – og småbarnsalderen går tilknytinga ut på å knyte sterke band til dei nære omsorgspersonane, vanlegvis far og mor. Seinare kjem det å knyta sterke born til vener, tilsette i barnehagen og ein livspartner til å stå sentralt i denne utviklinga (Askeland & Satøen, 2013).

## 2.3 Sorg, død og beredskap

### 2.3.1 Sorg som fenomen

Sorg er eit fleirsidig fenomen der eit bredt spekter av reaksjonar og uttrykk er normale. Sorg som prosess inneber store individuelle variasjonar i form av ulike reaksjonsmønster, samstundes som graden av reaksjonar kan variera frå massive til moderate eller få sorguttrykk

(Bugge & Røkholt, 2009, s. 27). Dyregrov & Dyregrov (Psykologisk.no, 2016) tolkar sorg på same måte: altså det fins ikkje noko klar definisjon av kva som er normal og komplisert sorg hos born. Dei meina at dette er eit vanskeleg skilje sjølv hos vaksne, eit skilje som blir ytterlegare komplisert for born fordi dei er i utvikling og er umodne med tanke på forståing og emosjonsregulering

Bugge og Røkholt hevdar at ei open tidsrammeforståing av sorg inneber at det ikkje naudsynt er verst først og sidan ein stabil betring: Mange sørgande opplever ei gradvis eller radikal forverring etter lang tid.

For born i sorg er det viktig å skilja mellom *indre* og *ytre tilpassing*: Den indre tilpassinga gjeld barnets strev med å forstå verdien av det barnet har mista, og gjenopprette ei kjenslemessig og varig relasjon til den som er borte. Den ytre tilpassinga gjeld barnets konkrete kvardagsliv, slik som evna til å oppretthalda ordinære rutinar som barnehage, skule og andre fritidsaktivitetar. Born kan ha god eller dårlig indre og ytre tilpassing, og desse vil ikkje alltid stå i samanheng med kvarandre (Bugge & Røkholt, 2009).

### 2.3.2 Borns forståing av døden

Parallelt med barnets tenkemessige modning gjennom barndommen, utviklast også barns forståing av døden. Utvikling av død og dødsfall kan skje i ulike tempo, men utviklingsgongen er den same. Før barnet vert 6 til 7 år, tillatar ikkje barnets modning ein meir samanhengande forståing av kva liv er og korleis kroppen og kroppsdelane fungera. Born under fem år oppfattar difor ikkje døden som permanent. At nokon er borte «for alltid», er utanfor deira fatteevne. Dyregrov (2006a, s. 15) hevdar at born opplever døden som gjenkalleleg, og vil i sine utsegn klart gje uttrykk for dette.

Nokre utsegn kan vera: «kan me ikkje hjelpa pappa opp igjen av grava?», «når kjem vetlesyster tilbake?».

Små born kan bruka omgrepet død utan at dei forstår den fulle meinings bak det. Borna vil på dette trinn ha det vanskeleg med å forstå abstrakte førestillingar som brukast som forklaringar om døden. Dyregrov (2006a) hevdar at eksempelvis kan ein fireåring som vert forklart at mor er hos Jesus samtidig som ho seiast å vera graven i jorda, vil lett oppleve forvirrig: «kor tek me bussen til Jesus?» «Kor er stigen hennas?».

Sjølv om mindre borns dødsomgrep ikkje er heilt utvikla, rår det liten tvil om at dei kan reagera sterkt på dødsfall i den alderen. Sjølv born under to år kan gje uttrykk for at dei forstår at nokon er borte, og dei kan hugse dette i lang tid etterpå (Dyregrov, 2006a, s. 16).

### 2.3.3 Umiddelbare sorgreaksjonar hos born

Ved forventa dødsfall vil mest sannsynleg borns reaksjonar vera bestemt av den informasjon dei har fått under sjukdomsforløpet. Moglegheit til å ta avskjed og mental førebuing, vil jamfört Dyregrov hjelpa born i deira sorgarbeid, og gjera at reaksjonen vert mindre sjokkarta når døden inntreff, i forhold til eit dødsfall som skjer utan førevarsel.

Ingen vaksne reagera likt på hendignar i livet, det same gjeld born. Dyregrov (2006a, s. 20) hevdar det er stor variasjon i korleis born reagera på nyhenda om at nokon er død.

Han meina at nokre av dei vanlegaste augeblikkelege reaksjonane er:

- Sjokk og vantru
- Forferdelse og protest
- Apati og lamming
- Framhald av vanleg aktivitet

Foreldre og vaksne kan ofte bli forvirra når born ikkje augeblikkeleg reagera med sterke kjensla, men dette er ein normal sjokkreaksjon som også er vanleg for vaksne. Det som har skjedd, vert tatt inn steg for steg, slik at ein ikkje vert kjenslemessig overvelta. Dyregrov (2006a) hevdar at dette er ein hensiktsmessig beskyttelsesmekanisme som sett menneske i stand til å tåla sterke påkjennningar. Nokre born er apatiske og kjenslemessig lamslått, medan andre born reagera med akutt forferdelese og kan vera utrøstelege. Nokre kan også i ein periode fortsette nesten som om ingenting har skjedd: «kan eg få gå ut og leika no?», som om ein slags autopilot at kopla inn.

Dyregrov (2006a, ss. 20-21) hevdar at borns evne til å regulera kjensla er under utvikling, og ein kjær persons død kan vera så mektig å ta inn at det vert naudsynt å setja på «bremsane».

### 2.3.4 Vanlege sorgreaksjonar hos born

Dyregrov har forska på nokre av dei vanlegaste sorgreaksjonane eit born kan ha. Desse reaksjonane kan vera angst, sterke minner, søvnforstyrring, tristheit, lengsel og sakn. Sinne og oppmerksemdekrevjande åtferd er også vanlege reaksjonar. Det er også skyld, sjølvklandring, skam og kroppselege plagar. Dyregrov meina at den mest vanlege av desse reaksjonane for eit born som har oppleve tap, er angst. Den angstnært borna opplever gjer seg ulike utsegn: Mindre born kan bli klengande og krevjande, dei vil vera nær foreldra og kan reagera sterkt på atskillelsar. Gjennom spørsmål og kommentarar kan born visa at dei nærar frykt for at noko skal skje med foreldre/attlevande foreldre: «når du døyr, så får du plass på grava ved sida av pappa», «om du dyr når du sov, kva skal me gjera då?».

Ein annan vanleg reaksjonsform blant born i sorg er sinne og oppmerksemdkrevjande åtferd: Born kan visa sitt sinne svært direkte og opent. Dei kan slå og sparka og komme med ulike utrop. Dyregrov (2006a) har med eit eksempel der eit born ropte «Dumme pappa som køyrde så fort og som døde». Borns sinne kan ta ulike retningar. Det kan vera sinne mot døden, sinne mot at Gud har latt detta skje, sinne mot andre for ikkje å ha forhindra det som skjedde, sinne mot seg sjølv for å ikkje forhindra dødsfallet og sinne mot den døde for at han/ho har forlatt eller svikta ein.

### 2.3.5 Å støtte born etter tap

Dyregrov, ein krisepsykolog som er referert til fleire gongar i vår tekst utvikla i 2006 heftet: *Små barns sorg: En håndbok for voksne*. Her har han punktvis gjort reie for korleis ein kan støtta og hjelpa born etter eit tap. Han meina først at god støtta til borna fremjast best ved at foreldra først får tilarbeida det som har skjedd. Den attlevande forelder bør i tillegg søkje informasjon og rådgjevnad om borns behov, borns vanlege reaksjonar og korleis dei kan støtta og hjelpa borna. Instansar rundt barnet som helsepersonell og barnehagepersonell meina Dyregrov kan gje råd om korleis borna bør verta tatt hand om i tida etter tapet (Dyregrov, 2006b). Personalopplysningslova § 8 & 9 tilseier at barnehagen må spørje om tillating når det gjeld vidareføring av opplysningars om barnet og familien til andre personar i barnehagen (Glaser, 2013, s. 61). Dyregrov (2006b) meina at å gje barnehage tidlig informasjon er veldig viktig slik at dei kan støtta borna best mogleg. Det kan då vera naudsynt at den pedagogiske leiaren avtalar med den attverande forelder om kva informasjon som skal bli vidareført til resten av personalet og andre foreldre i barnegruppa.

Born treng tryggleik og struktur rundt seg etter eit tap. Dette oppnår ein som attlevande forelder klarar å halda på rutinar som barnet er vandt med frå sitt daglege nærvær, slik som måltid, faste leggjerutinar, barnehage/skulegong og anna. Dyregrov meina at når ein oppretthalda rutinar, bringe det samanheng i barnets liv og gjev tryggleik for at sjølv om verda er blitt utrygg av det som skjedde, er det likevel stabilitet i mykje av barnets nærvær (Dyregrov, 2006b).

Borns deltaking i rituala er svært viktig dersom dei skal læra om liv og død hevdar Dyregrov. Rituala markerar viktige hendingar i borns liv, ikkje berre i notid, men i deira vidare liv. Å vera tilstade i eit nært familiemedlems gravferd er ein moglegheit barnet ikkje får tilbake, og som hending kan den få stor symbolsk tydnad seinare i livet. Deltaking i gravferd konkretisera og verkeleggjer det som har skjedd (Dyregrov, 2006b), og deltakinga gjer barnet eit viktig fundament for vidare forståing av det som har skjedd. Nært personale frå

barnehagen og nære vener kan også ta del i gravferda når eit dødsfall rammar eit born på avdelinga. Dyregrov meina at eit ritual også bør vera tilstade i barnehagen. Ein minnestund kan til dømes bestå av samling av borna, ljostenning – gjerna med blomar ved sida av. Den pedagogiske leiaren kan også leggje til rette for dialog og snakka med barna om det som har skjedd.

### 2.3.6 Støtte til barnet over tid

Born fortsette å tilarbeida eit viktig tap over tid. Med aukande alder og modning vil dei ofte stilla nye spørsmål og bli opptekne av andre sider ved tapet. Dyregrov har med eit eksempel der eit born spurde: «Trur du mamma døydde fordi eg ikkje rydda rommet mitt?». Vaksne treng å vera lydhøyre for dei endringar som skjer i bornas tenking, og villige til å følgja dei i deira filosofiske tankar om korleis ting er. Etter kvart, jamfört i Dalland (2006b) utviklar borna større kapasitet for å tenkje meir komplisert, og kan blant anna laga seg redningsfantasier kor dei omgjer det som skjedde i tankane, nokre gongar med seg sjølv som heltane som hindrar tapet. Slike mestringstankar er oftast eit kjenneteikn på god mestring, men med ei slik aukande evna til å endra på ein situasjon, kan dei også bli meir dømmande ovanfor seg sjølv: «Viss eg berre hadde ropt til pappa, så ville ikkje ulukka skjedd». Sensitive vaksne, både i heimen og i barnehagen som gjev rom for tankane og ikkje avfeiar dei med ein gong og seier at slik må ein ikkje tenka, kan hjelpe barnet til å få kontroll over og motverka slike sjølvskuldingar.

### 2.3.7 Forarbeid og god beredskap

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit rettleiingshefte om korleis ein kan styrke kunnskapen og bevisstheita om tydnaden av gode og oppdaterte beredskapsplanar, og å leggja til rette for ei robust beredskap. Det er eit hjelphemiddel for kommunar, barnehagar, skular, fagskular og høgare utdanningsinstitusjonar som treng å forbetra sine beredskapsplanar og syte for at planane omfatta alvorlege hendingar. «Beredskapsplanlegging er å være forberedt på kritiske situasjoner og fremme et trygt miljø. Beredskapsarbeidet er å ivareta både forebygging, begrensning og håndtering»(Udir, 2015).

Beredskapsplana skal, jamfört Udir, byggje på fire grunnleggjande prinsipp i planlegginga:

*Ansvarsprinsippet:* Den som har eit ansvar i ein normalsituasjon, har også detta ansvaret i tilfelle ekstraordinære hendingar

*Liksapsprinsippet:* den organisasjonen som skal handtera ei krisa, er mest mogleg lik den daglege organisasjonen

*Nærleiksprinsippet:* krisar skal handterast på eit lågast mogleg nivå

*Samverkeprinsippet:* Beredskapsplanane skal lagast i samarbeid med alle relevante etatar i kommunen og lokalt politi.

Udir legg også ved eksemplar på kva innhald som er viktig å ha med i ein beredskapsplan:

- Beskriving av aktuelle scenario der planen kjem til anvending
- Oversikt over kriseliinga med ansvar – og rolleavklaring for kriseliinga, krise og kommunikasjonstab og koordinering mellom desse
- Beskriving av etablering av krisestad, etablering av eventuelt beredskapsstad, alternative beredskapsstadar og nivå for etablering
- Varslingslista med telefonnummer for kriseliing og andre viktige aktørar
- Beskriving av kriseliinga og enkeltmedlemma oppgåver
- Beskriving at støttefunksjonar, til dømes HR/personell, IKT, sikkerheit, forpleiing, økonomi
- Beskriving av rutinar for informasjons – og mediehandtering, samt rutinar for handtering av berørte (Udir, 2015).

Det er viktig at planen vert tilpassa verksemda, og bør øvas årleg og vedlikehaldas fortløpande. Det kan vera fullskalaøvingar eller diskusjonsøvingar. Udir meina at det må generelt vera ei alderstilpassa tilnærming til korleis barnehageborn, elevar og studentar blir gjort kjend med beredskapen for alvorlege hendingar.

Denne bacheloroppgåva omhandlar korleis leiinga kan leggja til rette for å støtte born som opplever sorg, og då med særskilt fokus på dødsfall av forelder. I dette kapitlet har me vore igjennom teoriar på organisasjon, korleis barnehagen kan fungera som ein lærande organisasjon og kva som ligg i dette omgrepet. Me har også vore gjennom Bronfenbrenner og hans utviklingsøkologiske teori på borns oppvekst, og kva rollar barnehagen har i eit borns liv. I samband med dette har me også drøfta viktigheita av god tilknyting mellom vaksne og born, både i heim og i barnehage. Vidare i kapitlet har me sett på Dyregrov si forsking og teori om born i sorg, og korleis ein som både forelder og barnehagertilsett kan hjelpe og støtta barnet på best mogleg måte. Avslutningsvis har me brukt utdanningsdirektoratet si nettside og prøvd å finne ut korleis ulike organisasjoner kan laga gode og bruksvenlege beredskapsplanar.

Me vil i neste kapittel, altså metodekapitlet, vise til korleis me har tatt det teoretiske rammeverket med ut i praksisfeltet. Med praksisfelt meina me barnehagen, der me vil undersøkja korleis informantane våre i praksis har, og kan samarbeida og støtta born som opplever sorg.

### 3. 0 Metode

#### 3.1.0 Val av metode

Til vår problemstilling har me vald intervju som metode for innsamling av data.

Intervju er ein *kvalitativ metode* å tileigna seg kunnskap på. Ein tileigner seg denne kunnskapen gjennom fleire innsamlingsmetodar: observasjonar, videoopptak, samtaler og intervju (Bergsland, 2014, s. 68). Til vårt intervju har me førebudd ein intervjuguide. Ein intervjuguide inneheld som oftast ei liste med spørsmål eller tema som ein ønsker å ta opp i intervjuet (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108). Intervjuguiden vår er semi-strukturert: Det vil seie at intervjuet vil føregå som ein samtale mellom forskaren og informanten, men der gangen i samtalet er styrd av forskaren (Bergsland, 2014, s. 71).

Me ynskjer med vår problemstilling å belyse korleis leiinga kan samarbeida og leggje til rette for å støtte born i sorg. «De kvalitative metodene tar sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle» (Dalland, 2012, s. 52). Me velje difor kvalitativ forsking framfor kvantitativ då me meiner at dette er informasjon ein kan koma tettare på gjennom dialog og intervju, enn gjennom ein graf eller anna statistikk.

#### 3.1.1 Rekruttering av informantar

Til våre intervju brukar me pedagogiske leiarar som informantar. Pedagogisk leiar, jamført i Rammeplanen vert definert som:

«Gitt ansvaret for å iverksette og lede det pedagogiske arbeidet, i tråd med godt faglig skjønn. Den pedagogiske lederen skal veilede og sørge for at barnehageloven og rammeplan oppfylles gjennom det pedagogiske arbeidet. Den pedagogiske lederen leder arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i barnegruppen eller innenfor de områdene han/hun er satt til å lede»

(Kunnskapsdepartementet, 2017)

Omgrepet leiing er ein del av vår problemstilling: Me kunne difor også brukt styrar, dagleg leiar og leiarteamet i barnehagen som kjelde til informasjon. Til våre undersøkinga valde me å gå til dei som både har høg fagleg kompetanse og samstundes dei som er i direkte samhandling med personalet og born/foreldre, altså dei pedagogiske leiarane i barnehagen. Problemstillinga vår er avhengig av at våre informantar har både teoretisk bakgrunn og

erfaringsbasert kunnskap. Me valde då å setje eit kriterium at våre informantar måtte ha arbeida som pedagogiske leiatar i minimum 10 år. Dette for å auka validiteten.

### 3.1.2 Validitet og relabilitet

Validitet (Dalland, 2017) dreiar seg om stoffets relevans og gyldigheit. Me meina at det er meir sannsynleg at ein pedagogisk leiar har meir kvalifisert kunnskap om vår problemstilling, dersom leiaren har fleire års erfaring frå ei avdeling i ein barnehage.

Validitet (pålitsgrad) eller relabilitet er eit kriterium for kvalitet i forsking og handlar om kor vidt det arbeidet ein har presentert er til å stole på (Dalland, 2017, s. 55).

Validiteten gjeld ikkje berre informanten, men også oss som forskarar for å finne svar til våre spørsmål.

Dalland hevdar at ved å svare på spørsmål som kvifor me har undersøkt akkurat dette, kva ein ynskjer å bruke resultatet til, kven me er som har undersøkt dette og kva feilkjelder som kan ha påverka resultatet, gjev lesaren moglegheit til å vurdere validiteten av vårt arbeid.

At me brukar to informantar har sine fordelar og bakdelar: Med tanke på at me har satt rammar rundt krav for å vera informant, kan vera med å styrke pålitsgraden og mogleg auka sannsynet for at ein situasjon lik vår problemstilling, har vore opplevd i løpet av 10 år.

Me som studentar har gjennom barnehagelærarutdanninga vore i til saman hundre dagar praksis, i minimum tre forskjellige barnehagar kvar. Dei fleste har opplevd at ingen av barnehagane har vore like, sjølv om barnehagen har vore underlagt den same kommunen eller den same kjeda.

Ei kritikk til vår metode blir då at sjølv om barnehagane har prosedyrar og erfaringar frå det som tilsvara vår problemstilling, gjeld ikkje dette naudsynt alle barnehagar i resten av Vestlandet. Me meiner likevel at å bruke to informantar er tilstrekkeleg for å få eit innsyn i dei to ulike barnehagane, og vil gje oss svar på dei spørsmåla me har førebudd i intervjuguiden vår.

Sjølv om våre spørsmål til informanten er relevante med tanke på problemstillinga, må dei også vera samla inn på ei slik måte at dei er pålitelege.

Sjølve intervjuet kan òg vera ei mogleg feilkjelde, misforståingar kan oppstå i kommunikasjonsprosessen (Dalland, 2017). Til dømes: har intervjuaren forstått svaret riktig? Er spørsmålet riktig oppfatta og er lyden i diktafonen god nok? Vidare kan også feil oppstå ved transkribering. Dersom intervupersonen misforstår spørsmålet, intervjuaren notarar

svaret unøyaktig og meiningsinnhaldet endrast ved reinskriving, vil dette føre til redusert validitet.

Ein fordel ved våre intervju er at me er to personar, der den eine vil vera intervjuar og stilla spørsmål og føre dialogen med informant utan å avbryte intervjuet med å til dømes ta notatar eller å styre med diktafonen. Den andre vil ta feltnotat og ha ansvar med å slå på og av diktafonen. Me meina det er viktig at ein av oss førar feltnotat fordi då kan kroppsspråket til informanten, i tillegg til verbalspråket, bli notert. Den som skriv feltnotat kan observera når informanten stoppar opp, viser kjensla og notere når informant til dømes brukar lang tid på å svare på spørsmålet, nøler og gjentek setningar. Å fordela rollar meina me vil auka validitet: Meir detaljar rundt intervjuet kan bli nedskriven, i tillegg vil det vera redusert sannsyn for at feil under sjølve intervjuet vil skje. Ei ulempe med denne måten kan vera at informant vil til dømes føla seg ekstra «overvaka» eller i ein meir pressa situasjon. Me vil informera informantane våre om kvifor me har vald å gjera det på denne måten. Ei anna grunngjeving til å arbeida på denne måten er at begge to får erfart det å vera intervjuar og å det å ta feltnotat. Me ser på denne bacheloroppgåva som ein læringsprosess: Det vil seie at me har ein forståing av at me ikkje skal finna opp krutet på nytt, men at me skal gjennom ulike situasjoner erfare og læra oss å arbeida som forskrarar, slik at me blir dyktige yrkesutøvarar.

### 3.1.3 Etiske omsyn

Av etiske omsyn har me sendt inn vårt prosjekt til NSD – *norsk senter for forskingsdata*. Her har me presentert disposisjonen til bacheloroppgåva, intervjuguide, samtykkeerklæring og korleis me skal oppbevare våre funn og data. Dette har me fått godkjent av NSD.

Me har vald å bruke ein diktafon som lydkjelde, der alt innspelt materiale vil bli sletta frå diktafonen etter transkribering.

Transkribert data vil bli makulert så snart oppgåva har vore gjennom sensur. Dette er avtalt med informantane og nedfelt i samtykkeerklæring.

### 3.1.4 Framgangsmåte intervju

Vår fyrste informant vart rekruttert gjennom kjennskap. Denne informanten har arbeida mellom 10-15 år som pedagogisk leiar i ein privat barnehage. På førehand sendte me ut vår godkjente samtykkeerklæring slik at informanten hadde ei viss kjennskap til temaet i vårt forskingsspørsmål.

Vår andre informant vart også rekruttert gjennom kjennskap. Denne informanten har

arbeida som pedagogisk leiar i kommunal barnehage i over 20 år. E-post med samtykkeerklæring vart også sendt. Denne informanten valde å trekkje seg før planlagt intervju av ukjende grunnar og jamfør vår samtykkeerklæring treng ikkje informanten oppgjeve grunn til å trekkje seg.

Me får rekruttert ein tredje informant i løpet av kort tid, også her gjennom kjennskap. Denne informanten har arbeida som pedagogisk leiar i ein kommunal barnehage i over 15 år. Me har då fått rekruttert informantar som har dei kriteria me hadde satt: Altså ein pedagogisk leiar med over 10 års erfaring frå ein kommunal barnehage og ein tilsvarande i frå ein privat barnehage. Me vil i resten av oppgåva referere til våre informantar som informant 1 & 2, der informant 1 er frå privat barnehage og informant 2 frå kommunal barnehage.

Me studentar reiser til barnehagane og har på førehand avtalt tidspunkt, gitt ein liten oversikt over kor lang tid intervjuet kjem til å vare og i tillegg avtalt stad, altså rom der gjennomføringa av intervjuet skal skje.

### 3.1.5 Gjennomføring intervju

Som nemnd i avsnitt om validitet og relabilitet har me delt arbeidet slik at den eine studenten er sjølve intervjuar, medan den andre skriv feltnotat. Dette bytta med på slik at begge to fekk erfart begge oppgåvene.

Intervjuar passa heila tida på å vera ein god lyttar, nikka bekreftande til informantar og gav også bekreftande smil. Jamfört i Bergsland (2014, s. 72) er aktiv lytting og intervjuars evne til å lytte på ein aktiv måte til det intervupersonen seier, ein måte å auke intervjuets kvalitet på.

Intervjuar passa heila tida på å fortelje informanten kva som skulle skje gjennom intervjuet, og sa tydeleg i frå når diktafonen blir starta og når diktafon blir skrudd av. Me fortalte begge informantar at om det var naudsynt med ein pause under intervjuet så var det absolutt rom for det, og at me då under pausen kom til å skru av diktafonen.

### 3.1.6 Transkribering og analyse av data

Som nemnd i avsnittet om val av metode viste me til at me laga ein semi-strukturert intervjuguide, altså at intervjuet føregår som ein samtale mellom intervjuar og informant men at intervjuar styrar samtalen. Spørsmåla våre vart ikkje stilt kronologisk, men me viser til intervjuguiden (Vedlegg 1) der fyrste spørsmål er om informant har oppleve situasjonar tilsvarande vår problemstilling i løpet av si karriere. Spørsmålet legg opp til ja/nei-svar, og me meina at det var viktig å stille dette spørsmålet først slik at intervjuet kunne fortsette.

Begge våre informantar hadde opplevd born i sorg og foreldredød i løpet av si karriere. Me fortsett då med resten av spørsmåla.

Under det fyrste intervjuet, altså med informant 1 (Privat barnehage) merka me at personen vart opphengd i diktafonen då den låg godt synleg på bordet. Med løyve frå informant dekka me til diktafonen med eit ark, slik at den ikkje skulle vera forstyrrande under resten av intervjuet. Både intervjuar og informant opplevde at dette verka positivt, og arket hadde ingen ringverknad på lyden på diktafonen under transkribering.

Til vårt andre intervju, altså til informant to (Kommunal barnehage), valde me å spørje informanten om det var i orden at diktafonen låg synleg eller om me skulle dekkje den til. Informanten hadde ikkje behov for tildekking av diktafon.

Me opplevde begge intervjuia som godt gjennomført. Me sitt igjen med ei kjensla av at me har fått nok data til å belyse problemstillinga me har satt oss. Me er også blitt bevisst på korleis ein legg forholda til rette for den gode samtalens, og korleis ein kan iscenesetja ei god atomsfære som innbyr til tillit og fortrulegheit, noko som er viktig for intervjustituasjonen, jamfört i Bergsland (2014, s. 73).

Under transkriberinga vart alt informantane sa nøyaktig nedskrivne slik at språket i teksten vart meir munnleg og lettare å hente ut funn. Men me valde å skrive teksten om til rein nynorsk: Dette for å sikre informantanes identitet, at ingen kunne kjenne att dialekta. Transkriberinga skjedde fortløpende etter kvart intervju. Dette for at materialet endå skulle vera «friskt» i minnet. Me skreiv dokumentet ut og las grundig gjennom kvart intervju om gongen, dette for å få forståing og oversyn over dei innsamla data.

Me brukte ulike fargar og tusjar til dei ulike funna: Kva svarte på problemstillinga, kva svarte på spørsmåla, kva var likt og kva var ulikt. Denne måten å arbeida på fungerte bra for begge to. Det vart lettare for oss å få ein oversikt av funna og korleis me seinare i oppgåva kan belysa problemstillinga.

#### 4. 0 Funn og resultat

I dette kapitlet vil me presentera informantane våre sine opplevelingar og erfaringar knyta til problemstillinga vår. Funna er basert på to intervju med to pedagogiske leiarar. Begge har lang erfaring med arbeid i barnehagen.

Me vil no presentera det som har komme fram under intervjuia, og me fokusera på det som er mest relevant for problemstillinga. Me vil fyrst presentera funna frå informant 1 (Privat sektor) og deretter informant 2 (Kommunal sektor).

#### 4.1 Funn informant 1.

##### 4.1.1 Opplevingar og erfaringar med born i sorg

På spørsmål om erfaringar og opplevingar med born i sorg svarar informant 1 at det har vore opplevd at det har skjedd på ei samarbeidsavdeling. Dei fekk beskjed av far til barnet at mor var død, men ikkje kva som var dødsårsaken. Seinare kom det fram at mor hadde tatt sitt eiga liv. Informanten fortell at ei slik situasjon har ikkje vore opplevd før, og personalet var veldig nervøs for å tråkke feil:

«Me visste ikkje heilt korleis me skulle takle dette, kva me skulle sei, kor me skal vera, også fekk me jo ikkje veta med ein gong kva som var bakgrunnen for dødsfallet, me fekk berre veta at mor var død» - Informant 1.

Denne familien har hatt born i barnehagen i over ti år, og informanten fortel at søsken av barnet har gått på avdelinga der informant er pedagogisk leiar, og dette gjekk veldig innpå dei då dei kjende til familien så godt. Informanten nøler litt, og fortel oss at dette barnet aldri kom tilbake igjen i barnehagen.

Informant fortel at leiarteamet i barnehagen, altså settet med pedagogisk leiar og styrar gjekk inn i beredskapsplanen dei har utvikla. Den pedagogiske leiaren på barnets avdeling syns dette var ein veldig vanskelig situasjon å ta tak i, og vår informant fortel at på dette leiarmøtet delte pedagogane sine erfaringar og rettleia kvarandre til korleis dei kunne handtera situasjonen. Informant fortel at heile barnehagekjeta har ein felles beredskapsplan som omhandlar sorg og død. Denne planen er delt i tre delar: eine delen omhandlar dersom eit born dør, den andre viss ein forelder dør og den tredje om ein frå personalet dør.

Intervjuar spør kva som står under delen der ein forelder døyrt:

«Der står det at (informant nøler litt her) dagleg leiar avgjer saman med personalet i kva grad beredskapsplanen skal gjennomførast fullt ut, minnestund skal gjennomførast i barnehagen, dette er et krav» - informant 1.

Planen legg også opp til at personalet som har tettast tilknyting til barnet skal vera tilstade i gravferda. Informant fortel at barnets primærkontakt har jamfør planen spesielt ansvar for barnets sorg. Informant seier at det ikkje er alltid primærkontakten som har sterkest tilknyting til barnet, men at den som står barnet nærmast skal ha eit særskilt ansvar.

Informanten fortel at denne beredskapspermen blir gått gjennom ein gong i året på personalmøte.

På spørsmål på korleis rolla som ein pedagogisk leiar blir ein slik situasjon svarar informant at dei som nemnt må samlast i eit leiarteam, og i denne situasjonen måtte

leiarteamet laga ein eigen beredskapsplan for å støtte dette barnet når det eventuelt kom tilbake i barnehagen. Informant fortell at dei laga tiltak på korleis dei på best mulig måte skal følgje opp dette barnet, kva ressursar barnet har rundt seg og viktigheita av å sjå på heile familiesituasjonen. Informant fortel at det fins ikkje noko fasitsvar på korleis born reagera i slike situasjoner, så ein del av beredskapsplanen var å følge opp reaksjonane til barnet, og lese barnet sine behov. Informant seier at det absolutt viktigaste i slike situasjoner og i barnehagen sitt generelle kvardagsliv er foreldresamarbeidet, og god dialog med dei.

#### 4.1.2 Opplevingar og erfaringar av inkludering av andre tilsette

På spørsmål om korleis dei andre tilsette blir inkludert i arbeidet med å støtta barnet fortell informant 1 at tausheitsplikta sjølvsgåt må bli ivaretaken, då den gjeld alle på huset.

Informanten fortel at ein gjerne må laga avtalar med den attlevande forelder: kva dei tenkjer om kva som skal ut til andre foreldre og andre born og tilsette i barnehagen, og ein blir einige om kva som trengst å seiast høgt. Informant 1 presisera at det er viktig at dei nærmaste på den avdelinga veit kva som har skjedd, dei treng ofte å snakke om det. Det er ein prosess for personalet også, altså å arbeide med sorga. Dei tilsette i barnehagen merka at i veker og månader så var det veldig vanskelig å komma på jobb. Personalet gjekk ofte med ei skuldkjensle: Er det teikn ein burde sett som ein ikkje såg, altså mykje grubling. Informant fortel at det er då godt å ha kollegaer å snakka med og læra av: korleis dei kan gjera da neste gong dersom dei hamnar i ein slik situasjon igjen.

Inkludering av assistenter er veldig viktig: Det kan vera ein assistent som har det nærmaste forholdet til dette barnet, som då blir den viktigaste personen når barnet kjem tilbake i barnehagen. Informant grublar litt og seier: «Ein veit liksom ikkje, ein må ha ein plan og så veit ein ikkje heilt kva ein skal gjera før ein står i det»- informant 1.

På spørsmål om barnehagen har ei nedskrive prosedyre dersom ei slik situasjon oppstår viser informant til permen der beredskapsplanen for sorg og død står, og seier at det er berre det som står og at det er altfor tynt. Denne beredskapsplanen ligg inni barnehagens HMS-perm. Informant 1 fortel at denne HMS-permen blir gått gjennom av personalet ein gong i året på personalmøte. Då blir den diskutert og noko blir lagt inn og noko blir tatt ut. Informant fortel at det er «lettare» å laga planar på situasjoner der ein har «tid» til å førebu seg. Informant brukar eksempelet på kreft og andre sjukdomar. «Det er dei uforutsette dødsfalla som er vanskeleg å laga ein plan på. Men vi brukte situasjonen med dette barnet til å fylla meir inn i HMS-permen, og me noterte ned handlingsforløpet og hjelpetiltak over tid på ein måte» - informant.

#### 4.1.3 Opplevingar og erfaringar frå samarbeid med andre instansar

Ved dødsfall av foreldre fortell informant at dei tek kontakt med helsestasjonen, BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) og PPS (Pedagogisk-psykologisk teneste). Dette meina informant er veldig viktig for det er mange der som har mykje kompetanse om dette. Det er kjempeviktig at barnehagen innhentar all informasjon dei kan om blant anna kreft og andre erfaringar som dei har med tanke på foreldredødsfall fortel informant.

Intervjuar stillar oppfølgingsspørsmål om det er dialog med desse institusjonane på førehand, altså før ein slik situasjon oppstår. Informant svarar at leiarteamet i barnehagen har eit nært samarbeid med PPS. Dei kjem i barnehagen ved nokre månaders mellomrom, dar dei informera om korleis dei kan vera til hjelp og støtte i ulike sakar. Informant fortel at dei er blitt godt kjend med dei som arbeidar på det lokale PPS-kontoret, og dette gjer at det vert mykje enklare å ta kontakt, då relasjonen mellom partane blir tettare.

#### 4.1.4 Vegen vidare

På spørsmål om korleis informanten tenkjer at leiinga i framtida kan leggja til rette for å støtte born i sorg på best måte presisera informant at barnehagen må sjåast i eit psykisk helseperspektiv: «Det ein legg inn av omsorg, trøyst, ømheit, glede og latter kjem ut som psykisk helse og mestring hos borna, kvert augeblikk er ein byggekloss»- serier informant. Ein arbeidar med dette heila tida, altså å styrke barnet, ikkje berre ved krise og sorg. Informant fortell at de arbeider mykje med trygg tilknyting i barnehagen, og brukar noko som heiter Coz-tryggheitssirkelen: Dette er verktøy for å forstå barnet betre, sjå barnet innanfrå å forstå barna sine signaler. Informant påpeikar at det nettopp er kjempeviktig når dei kjem i slike situasjonar med born: du kan ikkje begynne med den trygge tilknytingen då – den skal vera der frå før av. Informant avsluttar med å seie at relasjon er ganske vesentleg for kva som fungera som støtta i forhold til foreldre, tett relasjon og tett kontakt med foreldre. Ein har det gode grunnlaget for å kunne takle det.

Intervjuar stillar eit siste spørsmål om informant hadde takla betre å oppleva ein slik situasjon no i forhold til før:

«Det handlar om å ha motet, du må stole på deg sjølv som fagperson. Hadde eg fått beskjed no om at ein forelder hadde dødd, hadde eg tatt det på strak arm, nettopp fordi eg er trygg på meg sjølv som fagperson og har såpass god kunnskap og erfaring med born i sorg».

## 4.2 Funn informant 2

### 4.2.1 Opplevingar og erfaringar med born i sorg

På spørsmål om det har vore opplevd dødsfall av ein forelder før svarar informant at det har vore opplevd, då ein far døydde av kreft for rundt eitt år sidan.

Det var barnet sjølv som informerte born og tilsette om at faren låg sjuk på sjukehuset, det var altså lite informasjon i byrjinga. Informanten måtte spørje mor til barnet sjølv kva det var som føregjekk. Mor ville ikkje gå heilt i dybda der og då, men at far var på sjukehuset og at det mest sannsynleg kom til å gå greitt. Det viste seg at detta ikkje kom til å gå så bra likevel, og informant fortel at mor då var flink å ta kontakt og fortalte at dette ikkje kom til å gå bra og at det ikkje var så lang tid igjen for far å leva. Barnet informerte sjølv dei andre borna at pappa var sjuk og kom til å døy. Informant forstod då at det var viktig at andre foreldre vart informert før borna kom heim sjølv og fortalte det. Informant snakka med mor ang.

Tausheitsplikta, og dei vart einige om kva som skulle komme ut av informasjon til andre foreldre. Dette vart sendt på e-post.

Informant fortel at dette var ein sterk prosess som pedagogisk leiar å vera gjennom:

«Eg har aldri sjølv vore bori noko så nærme, alt var så nytt. Eg brukte mykje tid både heime og på jobb og leste meg opp på born i sorg. Sjølv om ein har hatt det gjennom utdanninga så er det lenge sidan».

På spørsmålet om informant si rolla som pedagogisk leiar vert det fortald at det var pedagogen si oppgåve å sende ut skriv til foreldra og å lesa seg opp på teamet. Når det er sånn at det er på avdelinga det skjer slik, så er det den pedagogiske leiaren si oppgåva å taka hand om det. Informanten fortel at hadde det vore eit born som hadde døydd eller ein frå personalet, hadde det vore styraren sitt ansvar.

### 4.2.2 Opplevingar og erfaringar av inkludering av andre tilsette

På spørsmål om inkludering av andre tilsette svarar informant at det berre er ein pedagogisk leiar (informanten sjølv) og ein assistent på avdelinga, så det vart naturleg at assistenten tok del i dette. Assistenten sjølv ynskja at ped.leiaren skulle snakka med borna om dette.

Informant fortel at assistenten er lika mykje, om ikkje meir på avdelinga enn den pedagogiske leiaren, og dei må då også kunna prosessane rundt born i sorg: plutselig kjem det eit spørsmål om dette frå borna, dei er jo ofte inn og ut av sorg.

Barn har ein annan måte å takla sorg på enn vaksne, meina informant: dei kan vera tilsynelatande heilt OK og plutselig heilt ut av det blå kjem det eit spørsmål, også får dei et

svar på det dei har tenkt også er det greitt igjen. Informant fortel vidare at born sitt ikkje fast i sorga, dei går inn og ut av den og har ein fin måte å takle det på sånn sett.

Den pedagogiske leiaren fortel at informasjonen rundt dette barnet blei delt med andre tilsette med ein gong – med tillating frå mor:

«Eg delar det så raskt som mogleg, det gjer eg for som sagt så er assistenten lika mykje eller meir på avdelinga enn kva me pedagogar er, og dei kan plukka opp ting og sånn».

Informanten fortel at nyhenda vart delt med resten av leiarteamet i barnehagen, og at dei delte det vidare til sine medarbeidarar, slik at alle visste kva som føregjekk.

På spørsmål om barnehagen har ein nedskrivne prosedyre dersom ein slik situasjon skulle oppstå svarar informant at dei har ein beredskapsplan, men at denne ikkje passa i dette tilfellet her. Beredskapsplanen til denne barnehagen omhandlar dersom eit born i barnehagen dør eller nokon frå personale dør: altså ingen prosedyrar dersom nokon i nær familie dør. Til dette tilfellet måtte då barnehagen gå til anskaffing av bøker som kunne passa. Informant fortel at korleis born reagera og kva som skjer er så forskjellig frå situasjon til situasjon, og om ein lagar ein mal så er det ikkje alltid like lett, ein kan ikkje følgje den frå A til B men ein må ta det frå byrjinga eller sånn som det passar situasjonen best.

«Me har snakka om å laga ein liten boks, der me kan ha klart ljós og duk og ei lita bok med tiltak kva ein skal gjera når slikt skjer og passa på å få informasjon ut, og viktig med dialog med foreldre».

Informant fortell at barnet var veldig sterkt og klarte seg godt. Men at det var viktig med den daglege dialog med bor i etterkant der personalet informerte om korleis dagane hadde vore både i tida det sto på og i tida etter på. Informant seier det er veldig viktig med opne dialogar med foreldra og at dei prøver å informera foreldra kontinuerlig viktigeita av at barnehagen får tidligast mogleg beskjed om endringar i familielivet som kan påverka borna.

#### 4.2.3 Opplevingar og erfaringar frå samarbeid med andre instansar

På spørsmål om det er fleire institusjonar som vert innhenta dersom dødsfall av forelder svarar informant at dette ikkje er ein del av beredskapsplanen eller noko. Men om informant hadde følt behov for å ta kontakt med nokon så er dei jo tilgjengelege. Informant fortel at det ikkje var behov for hjelp frå andre instansar i denne situasjonen.

Barnehagen er ofte i dialog med PPS (Pedagogisk-psykologisk-tenester) fortell informant, men det gjeld helst born med særskilte behov.

#### 4.2.4 Vegen vidare

Informant fortel at barnet viste veldig lite åtferdsendringar, barnet var tilsynelatande normal. Det er viktig å oppretthalda så normal mogleg kvardag for barnet, altså at det ikkje er så altfor store endringar i utanom det som har skjedd heima. Barnet kom ganske fort tilbake i barnehagen, rundt to dagar etter sjølve dødsfallet. Dette var et sterkt born som tok dette på ein heilt utruleg måte fortel informant. Resiliensen til barnet var ganske sterk. Likevel fortel informant at dei på avdelinga var ekstra obs på barnet i den tida og var litt tettare på og ekstra tilstade og viste empati. Kom det spørsmål så måtte dei svarast på så godt personale kunne utan at det fans eit fasitsvar på verken kva som skjer etterpå og kva som skjer når ein er død. Open dialog med borna er veldig viktig.

Personalet deltok i gravferda til faren, og mor fortalte den pedagogiske leiaren at ho syns barnehagen hadde tatt denne situasjonen på ein veldig fin måte.

Intervjuar stillar eit siste spørsmål om informant hadde takla betre å oppleva ein slik situasjon no i forhold til før:

«Ja, det gjer ein sjølvsagt, når ein har vore gjennom noko som dette her, så har du liksom den erfaringen å ta med deg. Sjølvsagt ein kan ikkje samanlikna reaksjonsmønsteret her og neste, men då er det gjerne litt lettare å gå inn i dei situasjonane. Viktig erfaring, absolutt».

### 5.0 Drøfting av funn

I dette kapitlet vil me drøfte funna våre med bakgrunn i problemstillinga og i lys av faglitteraturen me har presentert i kapittel to. Me har delt drøftinga inn i fira kategoriar som no vil bli belyst.

#### 5.1 Informantane sine erfaringar om born i sorg

Begge informantane våre har opplevde born i sorg grunna foreldredød, i relativt ulik grad:

Informant 1 opplevde at eit born mista ein forelder utan forvarsel, medan informant to oppelevde at ein forelder var sjuk over tid med døden som følgje.

Dette er som nemnt opplevingar som er ulike, men begge informantane visar til handlingskompetanse etter å fått informasjon av foreldre.

I vår faglitteratur visar me til at Glaser (2012) presisera viktigheita av foreldresamarbeidet i barnehagen. Me oppleva at begge våre informantar argumentera rundt viktigheita av foreldresamarbeid gjennom våre intervju. Me tolkar det som at informantane våre er einige med utsegne til Glaser, og at dette samarbeidet er særskilt viktig når ei krise slik som vår problemstilling rammar ein familie.

Personopplysningslova § 8 & 9 tilseia at barnehagane må spørje om tillating når det gjeld vidareføring av opplysningar om barnet og familien til andre personar i barnehagen (Glaser, 2013, s. 61). Begge informantane har vore opptekne av å ha gode dialogar med attlevande forelder og laga avtalar på kva som skal utanfor avdelinga sine dører og ikkje. Tausheitsplikta er altså godt ivaretatt og veldig viktig hos dei pedagogiske leiarane i dei ulike barnehagane.

Når det gjeld beredskapsplanar er barnehagane noko forskjellig: informant 1 arbeidar i ein privat barnehagekjede der alle barnehagane har ein felles protokoll på kva som skal skje når eit born, ein forelder av eit born eller når ein tilsett dør. Dette er ein beredskapsplan som er utarbeida av alle barnehagane i barnehagekjeda. Informant 1 meina denne er altfor tynn og har i liten grad eksplisitt informasjon om kva ein nettopp skal gjere i ein eventuell situasjon slik som denne. Dette kan sjåast i samanheng med Agrys og Schøn sin *bruksteori* og *uttrykt teori* slik som sitert i kapittel 2: Bruksteori og uttrykt teori i barnehagekontekst tydar det at det er samsvar med det leiinga har seier, uttrykke og som er nedfelt, og det leiinga faktisk gjer. I informant 1 sin barnehage vert det uttrykt at dei har ei prosedyre, eller beredskapsplan dersom eit dødsfall av ein forelder skulle ramme eit born. Samstundes visar det seg at når det først kjem til stykket, er ikkje denne brukbar nok. I staden laga barnehagen ein eigen beredskapsplan til når eventuelt barnet skulle komme tilbake til barnehagen, dette vart barnehagen sin bruksteori.

I informant 2 sin barnehage, altså den kommunale, hadde dei beredskapsplan på dersom eit born dør eller ein medarbeidar dør. Altså ingen prosedyrar eller planar på kva som skjer dersom ein forelder dør. Informanten følte at han/ho sto litt på bar grunn, og følte seg ikkje kompetent der og då til handtera situasjonen. Informanten brukte då sine medarbeidrarar og styrar for å få rettleiing og støtte til korleis dette situasjonen kunne bli handtert på mest mogleg måte. Her kan ein trekka inn barnehage som ein lærande organisasjon og eit lærande team: Ein brukar kvarandre sine ressursar og erfaringar til å sjølv auka sin kompetanse til handtera slike situasjonar både her og no og i framtida.

Som nemnd har dei pedagogiske leiarane ulik erfaring rundt dødsfalla av forelder. Informant 2 meina at barnet takla situasjonen betre då det fekk ei lengre mental førebuing enn kva det ville fått ved eit akutt dødsfall: Dette kan sjåast i samanheng med Dyregrov og hans forsking. Han meina at borns reaksjonar vil vera bestemt ut i frå den informasjonen dei har fått under sjukdomsforløpet, i dette tilfellet sjukdomsforløpet til far (Dyregrov, 2006a, s. 20). Informant 2 hevda at barnet var såpass sterkt og sterk resiliens at det ikkje var noko endring i verken åtferd og at barnet var tilsynelatande normal. Samstundes hevdar Bugge & Røkholt

(2009) at ei open tidsrammeforståing av sorg inneber at det ikkje naudsynt er verst fyrst og sidan ein stabil betring: Mange sørgande kan oppleve ei gradvis eller radikal forverring etter lang tid. Jamfør denne teorien kan det skje at sjølv om barnet ikkje viste større teikn til sorg då og verka veldig sterke, så kan den framleis kome i framtida.

Både informant 1 & 2 er einige om at eit born som oppleve sorg treng tryggleik og struktur rundt seg etter eit tap: Dyregrov hevda at når ein oppretthalde rutinar, bringe det samanheng i barnets liv og gjev tryggleik for at sjølv om verda er blitt utrygg av det som skjedde, er det likevel stabilitet i mykje av barnets nærvær (Dyregrov, 2006b).

Dette skjedde ikkje i informant 1 sin barnehage, då attlevande forelder valde å ta barnet ut av barnehagen og starte i ein ny, medan barnet var på sitt mest sårbar. Det er endå uvisst korleis det gjekk med dette barnet.

### 5.2 Informantane si erfaring av inkludering av andre tilsette

Begge våre informantar var veldig for å dela opplysningar med sine tilsette. Trygg tilknyting og det gode grunnlaget er omgrep som informant 1 sette høgt, og det er ikkje ein sjølvfølge at barnet knyte seg til den pedagogiske leiaren på avdelinga. Det kan også knyte seg mest til ein annan pedagog eller assistent. Dei tilsette i barnehagen kan lik som foreldre og besteforeldre, vera signifikante andre eller jamført Bronfenbrenner: *fyrstelinjenettverk*. Dette er personar som barnet knyte seg ekstra tett til, fordi det er desse som gjev borna tryggleik, den grunnleggjande personlege og sosiale og kulturelle identitet, sett grense og skapar struktur, og gjer barnet den første stimulering av verdiar, kodar og kunnskap (Bø, 2012). Informant 1 fortel oss at det er eit krav i deira beredskapsplan at den personen med sterkest tilknyting til barnet skal ha særskilt ansvar for å ta vare på barnet i sorgsprosessa.

### 5.3 Informantane sine erfaringar om samarbeid med andre instansar

Informant 1 er veldig for og positiv til innsamling av ressursar frå andre instansar og organisasjonar. Det fins fleire i dei ulike instansane som har høgare kompetanse og breiare erfaring når det gjeld ulike livssituasjonar som kan skje i eit born sitt liv. Denne barnehagen har tett samarbeid med både BUP, helsejukepleiar og PPS, både før, under og etter slike situasjonar som kan oppstå i barnehagen. Dette velje me å trekke inn i Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg & Ludvigsen (2011) sin forhandlingsvariant i organisasjonens instrumentelle perspektiv: Her er ein opptekne av at organisasjonen kan påverkast av fleire aktørar enn leiinga, og kan då vera samansett av ulike aktørgruppa som har ressursar til å påverka det som skjer. BUP, helsejukepleiar og PPS kan tolkast som ein slik ressurs, då dei som arbeidar der har ei anna utdanning eller anna erfaring.

Informant 2 brukte ikkje noko særleg andre instansar i si oppleving av foreldredød, men var vant med å bruke BUP når det gjaldt born med særskilt behov.

Informant fortel at dei brukte kvarandre i leiarteamet til å auka kunnskapen rundt denne situasjonen og dette temaet, i staden for å ta kontakt med andre instansar.

#### 5.4 Informantane sine erfaringar med vegen vidare

Informant 1 fekk ikkje følgt opp dette barnet som mista mor, då barnet vart teken ut av barnehagen. Likevel presisera informanten at for at ein i framtida skal leggja til rette for å støtte born på best mogleg måte at ein må byrja på dag 1: Barnehagen må sjåast i eit psykisk helseperspektiv, hevdar informanten. Dette blir støtta opp av rammeplanen: "Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon" (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Trygg tilknyting er et omgrep som denne informanten sett høgt: Jamført i Askland & Satøen (2013) er tilknyting avgjerande for korleis ein får det i vaksne alder. Den som har fått erfart trygg tilknyting i oppveksten, har større sjans for å utvikla gode mentaliserande evner. Den trygge tåla å vera usikker, og kan folde ut sin nysgjerrigkeit ovanfor andre. Når tryggheita opnar for undring og fleire perspektiv, kan me forstå betre, og soleis bli endå tryggare – ein god sirkel. Dette kan trekkjast saman med at barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon jamført i rammeplanen, og styrkar då informant 1 sine utsegn når han/ho hevdar at barnehagen må sjåast i eit psykisk-helse perspektiv.

Det kom ikkje fram noko svar frå informant 2 om korleis ein i framtida kan leggje til rette for å støtte born som opplever sorg grunna foreldredød. Men me opplever begge informantane som einige med at godt samarbeid med forelder både før, under og etter hendelsesforløpet som svært viktig. Me opplever også at begge informantane meina at for å kunna gjera det beste for barnet i barnehagen, så må ein frå dag 1 ha god dialog og godt samarbeid med heimen.

Bronfenbrenner hevdar at det er dei instansane ein finn på mikro-nivå i barnets liv som er dei absolutt viktigaste for barnet: barnehagen og heimen er nokre av dei, og i meso-systemet ser me viktigheita av at desse to mikro-systemar samhandlar på god nok måte. Meso tydar *forbindelsar* mellom ulike makroar, og desse forbindelsane ser me i barnehagens kvardagsliv: Dei skjer direkte når foreldre leverar barnet i barnehagen, altså fysisk kontakt og dei skjer ved ikkje-fysisk kontakt: via telefon og e-post mellom foreldra og pedagogisk leiar.

Begge våre informantar er i kontakt med foreldra på alle desse måtane, altså fysisk og ikkje-fysisk. Dette skjer dagleg.

## 6.0 Avslutting

I denne forskinga konkludera me med at det er ikkje naudsynt nokon fasit for korleis ein kan støtte born best når det opplever sorg: Det visar at ein kan laga planar til kvar minste detalj, eller ikkje ha noko plan i det heile tatt – og personalet vil uansett streva etter å gje barnet best mogleg omsorg og støtta det på best mogleg måte. Me har fortstått gjennom desse intervjua at leiinga kan leggje til rette for å støtte born best når dei saman er eit team som kan støtta, reflektera og rettleia kvarandre. Altså at barnehagen fungera som ein lærande organisasjon og eit lærande team som jamfört i Aasen (2012). Begge informantane har gitt uttrykk for at sjølv om desse situasjonane dei har beskriven har vore vanskeleg, så har dei begge tatt sterkt lærdom og vakse som pedagogiske leiarar. Begge hevdar også at dersom ein slik situasjon skulle oppstå igjen, vil dei vera mykje betre førebudd.

Børhaug & Lotsberg (2016, s. 128) har som nemnd i innleiinga forska på likskapar og ulikskapar mellom kommunale og private barnehagar. Dei hevdar med sine undersøkingar at det ikkje er store ulikskapar mellom dei to type barnehagane, og særskilt når det kjem til det generelle kontaktmönsteret mellom barnehagen og foreldra/brukarane. Det Børhaug og Lotsberg finn ulikskapar på er konkurransesituasjonen og styrarane i barnehagane si haldning til profiliering i brukarkontakt, der det synas at styrarane i private barnehagar har ei meir offensiv rolle i marknadsføringa og konkurranse av barnehagane i forhold til kommunale.

Eit av våre undringar på førehand i denne forskinga var om det var skilnad i prosedyrane til ein privat og kommunal barnehage. I vårt tilfelle var det nettopp det, men det tydar korkje at den eine barnehagen er betre enn den andre sjølv om dei har nedskrivne prosedyre og nedfelte planar.

Me som utdanna barnehagelærarar vil konkludera med at så lenge barnehagen arbeida for at barnet har det godt, at barnehagen samarbeida aktivt med både foreldre, personale og gjerna andre instansar for at dei skal få det til, betyr det lite kor mykje eller kor lite nedfelte planar og prosedyrar organisasjonen har: så lenge dei arbeidar på borns premissar, og viktigaste av alt: barnets beste.

## 7. 0 Kjeldelista:

- Aasen, W. (2012). *Teamledelse i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2014). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Bø, I. (2012). *Barnet og de andre. Nettverk som pedagogisk og sosial ressurs*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D. Ø., & Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bergsland, M. D. (2014). *Bacheloroppgåve i barnehagelærarutdanning*. (H. Jæger, red.) Cappelen Damm.
- Bugge, K. E., & Røkholt, E. G. (2009). *Barn og ungdom som sørger*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dyregrov, A. (2006b). *Små barns sorg: En håndbok for voksne*. Oslo: Program for foreldreveiledning BUF00039.
- Dyregrov, A. (2006a). *Sorg hos barn*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Glaser, V. (2013). *Foreldresamarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gunnestad, A. (2014). *Didaktikk for barnehagelærere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gunnestad, A. (2014). *Resiliens som tilnærming i arbeid med barn som trenger særskilt hjelp*. (ss. 324-348). I P. Sjøvik (Red.), *En barnehage for alle. Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. (3. Utg.). Oslo: Universitetsforlaget
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehage*. Oslo: PEDLEX.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Psykologogisk.no. (2016, 28/05-2019). Barn som mister foreldre.  
Hentet fra URL: <https://psykologisk.no/sp/2016/06/e9/>
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsdirektoratet*. Lokalisert på: <https://www.udir.no/globalassets/filer/laringsmiljo/veileder-i-beredskap-alvorlige-skolehendelser-bokmaal.pdf?fbclid=IwAR0hDcnwW3bBzVP8yq3f9qBjJ1Y4nhqlEKny90MruuKRNk7TKrIqIMfz8tw>

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Intervjuguide

#### **Intervjuguide**

Ein intervjuguide inneheld som oftast ei liste med spørsmål eller tema som ein ønsker å ta opp i intervjuet (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108). Desse spørsmåla er uttenkt på førehand, og ein intervjuguide kan dermed betraktast som ei ramme for samtalen, samstundes kan, jamfört i Løkken & Søbstad (2013) intervjuar endre rekkefølgje av spørsmåla, stille oppfølgingsspørsmål eller klargjere utsegn frå intervupersonen.

Løkken & Søbstad (2013) hevdar ein bør starte med spørsmål som er ukontroversielle: Altså at ein ikkje stiller vanskelege og følsomme spørsmål før intervupersonen er ordentlig "varma opp". Enkle informasjons-, fakta-, åtferds – og erfaringsspørsmål bør komme før kontroversielle følelses – og haldningsspørsmål.

1. Opgåva vår handlar om dei tilsette sin handtering for å støtte born i sorg, med fokus på dødsfall i kjernefamilien. Då lurar me på først om du i løpet av di karriere har oppleve ein slik situasjon?  
Oppfølgingsspørsmål: Korleis blei dykk informert om det?
2. Korleis blir din rolle som pedagogisk leiar i ein slik situasjon?  
Oppfølgingsspørsmål: korleis blir dei andre tilsette inkludert i arbeidet for å støtte barnet?
3. Blir heile personalet inkludert i arbeidet – også assistenter?
4. Har dykk ein nedskriven prosedyre dersom ein slik situasjon oppstår?
5. I tilfelle ved dødsfall i familien, er det fleire institusjonar som blir innhenta? Kriseteam, helsejukepleiar, PPT?  
Oppfølgingsspørsmål: Er det dialog med disse institusjonane på førehand? Altså før ein slik situasjon oppstår?
6. Korleis tenkjer du i framtida at leiinga kan leggje til rette for å støtte born i sorg på best måte?
7. Har du noko meir å leggje til?

## Vedlegg 2: Samtykkeerklæring

**Vil du delta i forskningsprosjektet**  
***"Samarbeid og omsorg for barn i sorg"***

**Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å undersøke ledelsens håndtering av barn i sorgprosesser. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.**

### **Formål**

Formålet med prosjektet er å undersøke på et organisasjonsnivå hvilke tiltak/prosedyrer ledelsen har/eventuelt ikke har i situasjoner der barn er utsatt for sorg.

Vi har ut i fra dette kommet fram til problemstillingen: Hvordan kan ledelsen i barnehagen legge til rette for å støtte barn som opplever sorg. Vi vil gjennom intervju undersøke som nevnt om ledelsen har prosedyrer på dette, inkludering av personalet: gjelder de eventuelle prosedyrene hele personalet, både pedagoger og assistenter, og hvordan kan man gjøre hverdagen til barna så normalisert som mulig ut i fra resiliens og sorg. Dette er en bacheloroppgave i barnehagelærerstudiet.

### **Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet, under veileder Elisabeth Bakke.

### **Hvorfor får du spørsmål om å delta?**

Vi ønsker å intervju pedagogiske ledere som har vært aktiv i yrkesgruppa over lengre tid. Sorg hos barn tenker vi er noe som en barnehagelærer vil oppleve i løpet av karrieren, vi ønsker da å høre erfaringsbasert kunnskap fra deg som pedagogisk leder, og som har vært yrkesaktiv i over 10 år.

### **Hva innebærer det for deg å delta?**

Metoden vil vil bruke er intervju, og vi vil bruke lydopptaker (diktafon) for å registrere opplysningene vi får av deg – deretter transkribere informasjonen og til slutt vil lydopptaket bli slettet. Alt vil være anonymisert, og ingenting av informasjonen vil kunne spores tilbake til deg som enkeltperson og barnehage.

Hvis du velger å delta i prosjektet, innebærer det at vi møter deg i din barnehage og har intervju med deg der. Vi vil stille deg rundt 4-5 spørsmål, som omhandler vår problemstilling.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg. Ved ønske om trekking av samtykke, kontakt vår veileder Elisabeth Bakke:

Tlf: 402 27 538

E-post: [Elisabeth.Bakke@hvl.no](mailto:Elisabeth.Bakke@hvl.no)

### **Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger**

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det er kun oss studenter som har opplysninger om hvem du er, dette fordi vi kommer til å ha direkte kontakt med deg gjennom intervjuet. Verken høyskolen eller veileder vil ha tilgang på informasjon om deg – kun det som bli transkribert fra lydopptaket (som også vil bli slettet etter ferdig transkribering).
- For å sikre at ingen uvedkommende får tilgang, har vi da som nevnt valgt å anonymisere alt av informasjon vi får av deg. I vårt dokument vil du bli omtalt som *informant 1* eller *2*. Vi kommer til å låse diktafonen i en egen safe, og for sikkerhetsskyld kommer vi til å foreta transkribering i vårt hjem – og ikke ta diktafonen ut fra huset.

### **Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttes 31/05-2019, men vi vil som nevnt slette alt av opplysninger som er lest inn på diktafon når transkriberinga er over. Selve transkriberingen vil bli makulert etter endt sensur, rundt 23/06-2019.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

### **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Høgskulen på Vestlandet, ved Elisabeth Bakke, har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Hvor kan jeg finne ut mer?**

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet, ved prosjektansvarlig Elisabeth Bakke
- Vårt personvernombud: Høgskulen på Vestlandet, ved Elisabeth Bakke. NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

**Med vennlig hilsen****Prosjektansvarlig**

Elisabeth Bakke

**Eventuelt student****Samtykkeerklæring**

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *samarbeid og omsorg for barn i sorg*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i kvalitativ intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. *31/05-2019, kl. 14:00*.

(Signert av prosjektdeltaker, dato)